

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
17/3788

Vår ref.
17/525-2/KJA

Dato
28.12.2017

Høyringsfråsegn – ny lov om trus- og livssynssamfunn

Vi viser til høyringsbrev frå Kulturdepartementet dagsett 28. september 2017 om framlegg til ny lov om trus- og livssynssamfunn.

Språkrådets høyringssvar er avgrensa til dei delane av lovframlegget som har språkpolitiske implikasjonar.

Offentlegrettslege saksbehandlingsreglar i Den norske kyrkja

I § 16 første ledd i lovframlegget er det gjort framlegg om at det skal vera opp til Kyrkjemøtet sjølv å avgjera «om og med hvilke unntak og særregler» som forvaltningslova, offentleglova og reglar om offentlege organ i arkivlova skal gjelda for «virksomheten som drives av kirkelige organer».

Språkrådet tek ikkje stilling til om offentlegrettsleg regelverk bør gjelda direkte for Den norske kyrkja eller ikkje. Likevel meiner Språkrådet at denne regelen bør supplerast med ei tilvising til mållova (*lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentlig teneste*).

Samtidig vil vi vise til at Den norske kyrkja er og heilt sidan landsmålets første tid har vore eit svært viktig domene for nynorsk språk. Alt i 1890-åra byrja kyrkjelydar å ta i bruk salmar på nynorsk. Seinare vart nynorsk teke i bruk som liturgisk språk, og i 1925 kom *Nynorsk salmebok*. Nynorskbruken i Den norske kyrkja har vore ein del av sjølvne ryggraden i bruken av nynorsk i det offentlege, saman med skuleverket, (fylkes)kommunal forvaltning og statleg forvaltning.

Derfor tykkjer også Språkrådet det er gledeleg at Kyrkjemøtet i 2015 gjorde følgjande vedtak i sak 11/15, punkt 3:

Relevant innhold i dagens forvaltningslov, offentleglova og annet statlig lovverk videreføres og innlemmes i Den norske kirkes regelverk.

I merknadene frå «kirkemøtekomité D» til vedtaket i same sak er det uttalt i punkt 7:

Komiteen viser til at Den norske kirke i dag er pålagt å følge statlig lovgivning i sin forvaltning. Komiteen er av den oppfatning at så vel forvaltningsloven som offentleglova, lov om offentlige anskaffelser, arkivloven og mållova inneholder svært viktige bestemmelser som Den norske kirke må videreføre i det regelverket som skal vedtas tiden som kommer.



Språkrådet har merka seg at Kyrkjemøtet har følgd opp vedtaket frå 2015 då det fastsette ny forskrift 11. april 2016 nr. 1810 om kvalifikasjonskrav for tilsetting som prest i Den norske kirke:

§ 2. Almennelike vilkår for tilsetting

Som prest kan tilsettes person som: [...]

d) behersker norsk språk slik det kreves etter lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste.

På bakgrunn av opplysningane ovanfor gjer Språkrådet framlegg om at framlegget til § 16 første ledd blir supplert med ei tilvising til mållova:

Kirkemøtet bestemmer om og med hvilke unntak og særregler forvaltningsloven, offentleglova, mållova og regler om offentlige organer i arkivlova skal gjelde for virksomheten som drives av kirkelige organer.

Tilvisinga til Den norske kyrkja i mållova § 2 andre ledd

Mållova § 2 andre ledd inneheld ei presisering om verkeområdet for mållova i Den norske kyrkja:

I Den norske kyrkja, i undervisningsverksemd og i rettsstellet gjeld lova berre den administrative delen av verksemda.

Språkrådet har sidan 1. januar 2017 i samband med tilsyn og rettleiing etter mållova lagt til grunn at Den norske kyrkja ikkje lenger er direkte omfatta av mållova etter at ho vart eit eige rettssubjekt utanfor statsforvaltninga.

Vi gjer derfor framlegg om at mållova § 2 andre ledd blir endra slik at tilvisinga til Den norske kyrkja går ut:

I undervisningsverksemd og i rettsstellet gjeld lova berre den administrative delen av verksemda.

Slik framlegget til § 16 første ledd er utforma, vil det uansett vera opp til Den norske kyrkja sjølv å avgjera med kva unntak og særreglar mållova skal gjelda for verksemda i kyrkjelege organ.

Val av målform i den nye lova

Språkrådet har merka seg at utkastet til ny lov er på bokmål, og at lova i tillegg til kyrkelova, som er på bokmål, er tenkt å avløysa to lover på nynorsk (lov 13. juni 1969 nr. 25 om trdomssamfunn og ymist anna og lov 12. juni 1981 nr. 64 om tilskott til livssynssamfunn).

Lovspråket er eit sær s viktig domene for nynorsk som bruksspråk. Planmessig arbeid med nynorsk i lov og forskrifter er viktig for å utvikla og vedlikehalda nynorsk som forvaltningsspråk. I St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* er følgjande uttalt på s. 193:

Det vil no bli lagt opp til at alle departement skal arbeida planmessig med utforming av lover og forskrifter på nynorsk. Målet må vera at minst 25 prosent av lovverket rekna i tekstmengd etter kvart skal vera på nynorsk.

Målforma i forskriftene bør som hovudregel følgja målforma i heimelslova. Auka bruk av nynorsk i lovverket vil dermed føra til betre måljamstilling også i forskriftsverket.

Kulturdepartementet følgde opp dette med eit brev til alle departementa 16. april 2012 (ref.: 2012/00924) der departementa mellom anna vart bedne om å vurdere særskilt om nye lover kunne skrivast på nynorsk, og om å melda frå om korleis dei kunne bidra for å oppnå jamnare fordeling

mellom målformene i eige regelverk. Med brevet følgde eit vedlegg som viste at det då var 9,9 % nynorsk i lovverket målt i tekstmengd, og at 15,1 % av dei gjeldande enkeltlovene var på nynorsk. Språkrådet har merka seg at oppfølginga av dette målet har vore variabel. Det er ikkje vedteke ei einaste ny sjølvstendig lov på nynorsk i 2015 og 2016.

Språkrådet vil understreka at Kulturdepartementet, som det departementet som er ansvarleg for språkpolitikk, har eit særskilt ansvar for å vera både eit førebilete og ein pådrivar i arbeidet for å fremja nynorsk som lovspråk. Språkrådet meiner derfor at Kulturdepartementet òg har eit særskilt ansvar for å fremja lovframlegg på nynorsk for Stortinget.

Det er derfor uheldig at Kulturdepartementet sender ut eit lovframlegg som reduserer den samla nynorskdelen i lovverket.

Norsk teiknspråk og samiske språk i Den norske kyrkja

Den gjeldande kyrkjelova inneheld føresegnar som viser til organiseringa av døvekyrkjelydar og til fremjing av samisk kyrkjeliv og samisk representasjon i kyrkjelege organ. I lovutkastet det det ingen slike tilvisingar i kapittelet om Den norske kyrkja.

Språkrådet vil minna om at Den norske kyrkja er ein viktig språkbruksarena både for norsk teiknspråk og samiske språk, og at det er viktig at dette held fram også når Den norske kyrkja ikkje lenger er ei statskyrkje.

Vennleg helsing

Åse Wetås
direktør

Kristin Solbjør
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.